

- Hordaland Landbruksselskap sitt privatfond skal nyttast meir fritt, som i vid meining kan fremja landbruket, herunder tiltak for å gjera landbruksnæringa meir kjent i samfunnet.

Søknadar om tilskot må sendast til styret innan 10. juni 2018. Søknadane kan sendast til fmhokdb@fylkesmannen.no eller til Stiftinga Hordaland Landbruksselskap, Postboks 7315, 5020 Bergen. Spørsmål rettast til Kari des Bouvrie, tlf. 55 57 20 22.

Glade bønder

v/prosjektleder Liv Hopland van der Kooij

Hoplandsvegen 141

5918 FREKHAUG

Stiftinga Hordaland Landbruksselskap

Pb. 7315

5020 Bergen

Søknad om midler frå Hordaland Landbruksfond sitt privatfond

Glade bønder søker om kr 15 000 frå Hordaland Landbruksfond sitt privatfond.

Desse er tenkt nytta til to arrangement:

A Foredragskveld med Dag Jørund Lønning om Jordboka

B Filmkveld, der me viser biefilmen More than honey.

Begge desse arrangementa eignar seg som møteplass mellom bønder og «ålmenta». Hagelag og bibliotek kan vera aktuelle samarbeidpartar i tillegg til meir tradisjonelle landbruksorganisasjoner.

Glade bønder har som eit av sine «mål» å skapa ei kjendsle av «vi i bygda».

Dette er arrangement som kan skapa dette fellesskapet.

Prosjektperioden for Glade bønder er avslutta, men me har klart å halda fram drifta ved å arrangera kurs og møter som genererer inntekter.

Me har t.d snart arrangert 20 motorsagkurs som gjev kompetansebevis for deltakarane.

Samarbeid med landbrukskontora og Landbruksrådgjeving har og gitt oss handlingsrom økonomisk.

Dei omsøkte arrangementa ligg i ytterkant av det me vanlegvis arrangerer, men me trur det kan vera fine arrangement til å samla folk med ulik ståstad.

Det er Meland kommune som framleis står for kvalitetssikring av økonomien og alle inn og utbetalinger går gjennom dei.

Kontonummeret er:

Mvh

Liv Hopland van der Kooij

Vedlegg:

Info. om prosjekt Glade bønder